



Vegard spelar i Aktivitetshuset

**Sundag klokka 19 blir den tradisjonelle julekonserten i regi av soknerådet avvikla i kyrkja og ein skal ikke vera stor spåmann for å meine at to lovande uskedelingar kjem til å gjera sterkt inntrykk i tillegg til Røysterett for alle, Kvinnherad Trekkspelklubb og skulemusikken:
Det er Vegard Døssland på trompet og Camilla Myklebust med eigne songar.**



Camilla Myklebust syng i bedehuset. Tone Reinertsen Hellesøy til venstre.

Han har lagt eit imponerende stykke til eigen musikalsk vekst sidan han spela i kyrkja uner fjorårskonsernten. Ho har ein draum om å gje ut eigen produksjon på plate. Både Vegard og Camilla er inne i ein interessant utvikling og den vil dei nok no bekreftha.

Under konserten i fjor kalla andaktshaldaren denne konserten eit pusterom og det kan nok årets andaktshaldar Pål Dale gjerne gjenta. Fordette vil sikkert bli ein ettertankens stund i ei ellers travel førjulstid.

Programmet er tradisjonelt og det startar også tradisjonelt - med skulemusikken - no under sin nye dirigent Tor Skeie Olsen. Dei har både norske og engelske juletonar blant dei 7 numra i avdelingen sin Røysterett for alle har også 7 sngar - stort sett dei same som koret song i Aktivitetshuset for stutt tid sidan. Trekkspelklubben spela Bach og det blir allsong av "Det lyser i stille grender", "Glade jul" og "En krybbe var vuggen".

Ved orgelet sit også denne gongen Reidar Algerøy.



Røysterett for alle syng i kyrkja i fjor

I fjor kom det 170 tilhøyrarar på konserten og det er ingen grunn til at det ikkje skal koma like mange i år. Eit eventuelt overskot går til kyrkjelydsarbeid i soknet.



Skulemusikken spelar i kyrkja i fjor

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Trekkspelklubben spelar i kyrkja i fjor